

NVE  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

Bergen 05. november 2014

### Høyringsfråsegn vedrørende planendring for Lussand kraftverk, Granvin kommune.

Vi syner til søknad frå Voss Energi om planendring for bygging av Lussand kraftverk i Granvin kommune i Hordaland, NVE saksnr. 200702726.

**FNF Hordaland** er eit samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjonar i Hordaland. Føremålet er å styrke organisasjonane sitt arbeid med å ta vare på natur- og friluftslivsinteresser i aktuelle saker i fylket. Følgjande organisasjonar har slutta seg til FNF Hordaland: Bergen og Hordaland Turlag, Naturvernforbundet Hordaland, Noregs Jeger- og Fiskarforbund Hordaland, Bergen og Omland Friluftsråd, Hordaland Fylkeskystlag, Norsk Botanisk Foreining Vestlandsavdelingen og Syklistenes Landsforeining Bergen og omegn. Organisasjonane i FNF Hordaland representerar totalt over 36.000 medlemmar.

Vi ønskjer å vera ein konstruktiv høyringspart i energisaker, og særleg ta vare på omsynet til naturverdiar og friluftslivinteresser i høyringa.

#### Om tiltaket

Lussand kraft søkte konsesjon for bygging av Lussand kraftverk i 2005, som fekk avslag hjå NVE i 2007 av omsyn til landskapsverdiene i fossane i Stølselvi og Hedlarelvi som ville falle bort ved ei utbygging, samt dei negative konsekvensane ei utbygging ville ha for raudlistearten Flatsaltlav i Stølselvi.


Tiltakshavarane søker no, i regi av Voss Energi, om ei redusert utbygging, med ei overføring av vatn frå Hedlarelvi til Stølselvi på 300 l/s (500 l/s i opphavleg søknad) på høgdekote 388. Inntaket i Stølselvi er flytta nedanfor fossen (kote 149), og gjennomsnittleg årsproduksjon er berekna til 5,08 GWh. Minstevassføring i begge elvene er sett til 50 l/s.

#### Vurdering frå FNF Hordaland

- Tiltaket ligg i eit område med store landskapsverdiar, noko som bør vege tungt hjå NVE i vurderinga av konsesjonsspørsmålet
- Den omsøkte utbygginga vil redusere fossen i Hedlarelvi så kraftig at den mister sin verdi som eit vesentleg landskapselement
- Det er registrert fleire raudlisteartar og verdifulle naturtypar i området no enn då opphavleg søknad fekk avslag hjå NVE og OED
- Området har klare friluftslivskvalitetar som ikkje er vurdert i søknaden
- Prosjektet kan etter vårt syn ikkje vise til fordelar som overstig ulempene for "allmenne interesser", jf. Vassdragsreguleringslova § 8

#### Landskap og friluftsliv

Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland klassifiserar området som fjordlandskap av høg verdi, på grunn av samspelet mellom natur- og kulturlandskapet med stor regional betydning og at Hardangerfjorden er nasjonalt viktig for reiselivet. Fylkesdelplanen skriv i sine retningslinjer (R3) at



ein i desse områda skal vere *”...restriktiv med inngrep som fjernar eksponerte fossar og vassdrag eller reduserer heilskapen i landskapet. Ein skal legge vekt på at terrenginngrep, vegar, rørygater mm. ikkje fører til varige sår som reduserer opplevingsverdien i landskapet. Ved inngrep i eksponerte fossar og elvestrekningar skal det stillast krav til minstevassføring som opprettheld landskapskarakteren og opplevingsverdien.”*.

Aurland Naturverkstad BA (Skjerdal og Clemetsen) gjennomførte ei landskapsanalyse for Granvin herad på oppdrag frå Granvin kommune i 2007, knytt til prosjektet "Landskap i kommuneplanlegging". Rapporten inneheld analyse av landskapsbilete, visuelt sårbare område, område med stor opplevingsverdi, område som er viktige for rekreasjon og friluftsliv, strandsona og framtidig bustadbygging, og ligg som eit vedlegg til kommuneplanens arealdel. I denne kartlegginga er Lussand klassifisert som områdetype D1 - Kulturmiljø, tradisjonelle kulturlandskap (s. 27) som er *”område med særskilde heilskapelege kvalitetar og opplevingspotensial knytt til allsidig kulturlandskap og tradisjonelle bygningsmiljø”*. Vidare står det at *”Ev. ny utbygging må ta omsyn til dei kulturhistoriske verdiane i området og særskild ta omsyn til landskap og kulturmiljø”*.

Lussand er i kartlegginga også peika ut som eit visuelt sårbart landskapsområde (s. 44): *Område som ut frå sin eigenart og særskilde kvalitetar er viktige for landskapskarakter, visuelle eigenskapar og opplevingsverdi. Nye tiltak i slike område bør vurderast strengt*.

Delar av utbyggingsplanane inngår også i "Herdabreida", som er klassifisert som områdetype J - Fjellområde utan nyare tekniske inngrep (s. 40):


*”Fjellområde utan nyare tekniske inngrep, einskilde stølar, stiar og gamle ferdslivegar kan førekomma. Områda er sårbare for nye inngrep”*. Kartlegginga seier vidare om utviklingspotensiale for slike område at *”Områda bør oppretthaldast som viktige turområde for innbyggjarane og tilreisande til Granvin utan tekniske inngrep”*. I dag går kraftlina Sima-Samnanger tvers gjennom Herdabreida, noko vi meiner har auka sårbarheita til området. For kvart nye tekniske inngrep vil verdien av området for allmenta reduserast. Derfor meiner vi at det må vere ein høg terskel for å gje konsesjon til nye inngrep i området.

Søknaden frå Voss Energi stadfestar at området med stølsvegen opp til kote 400 nyttast i dag til lokalt friluftsliv, men gjev ikkje ei vidare utgreiing av utbygginga si konsekvens for friluftsliv i området. Vi etterlyser ei skildring av korleis dei planlagde inngrepa er lokalisert i forhold til stien som fører over til Kvanndal, om dei er synlege frå denne osb.

Ei ny vasskraftutbygging vil være å rekna som eit teknisk inngrep, og vil gje konsekvensar både for opplevings- og landskapsverdiar. Dette gjeld både redusert vassføring i elvane, særskilt fossen i Hedlarelvi, inntaksdammar, vegar, rørygater og sprenging/endring av terrenget generelt. Opprusting av stølsvegar vil i mange prosjekt medføre ei betydeleg utviding samt asfaltering av eksisterande veg. Dette vil av mange friluftsutøvarar/turgåarar opplevast som negativt, og medføre ein reduksjon av området sin verdi for friluftsliv og rekreasjon.

### **Om fossane som landskapselement**

Det er ingen tvil om at fossane på Lussand i dag er to vesentlege landskapselement som bidreg til den totale opplevinga av fjordlandskapet i Hardangerfjorden, og også området sin opplevingsverdi for friluftsliv.



Voss Energi har gjennomført ei vurdering av fossane sin verdi som landskapselement/inntryksstyrke ved ulik vassføring, og lagt ved ei rekke bilete som visualiserar fossane og andre deler av vassdraga ved forskjellige vassføringer. Vi synest det er bra at dette er lagt ved i søknaden slik at vi som høyringspart har eit betre grunnlag for å ta stilling til det omsøkte tiltaket, men vi er dessverre ikkje einig i konklusjonen som kjem ut av vurderinga.

Voss Energi hevdar på si side at Hedlarelvi vil bestå som eit vesentleg landskapselement også ved vassføring heilt ned til 50 l/s som er føreslått som minstevassføring. Dei bileta som er nærast å illustrere denne vassføringa er Figur 6-7 (45 l/s), Figur 6-12 (28 l/s), og Figur 6-13 (23 l/s). Vi meiner at denne vassføringa reduserer fossen så mykje at det knapt nok kan seiast å være en foss lenger, heller ein sildrebekk med fall. Utbygginga vil difor, etter vår meining, likevel bidra til å redusere landskaps- og opplevingsverdiane langs Hardangerfjorden sjølv om planane er redusert frå opphavleg søknad.

### **Samla belastning**

Landskapet rundt Hardangerfjorden er i dag under sterkt press med fleire omsøkte vasskraftprosjekt, i tillegg til den nye 420 kV "Hardangerlinja" frå Statnett som utgjør ei ytterlegare belastning på landskapsopplevinga i området. Vi opplever at utbyggarane i søknaden bruker kraftlinja frå Statnett som eit argument for utbygging av prosjektet. Vi meiner på vår side at det snarare er eit argument imot utbygging, då belastninga i området allereie er stor. Konsekvensane av prosjektet må, jf. Naturmangfoldlova § 10, vurderast ut ifrå den samla belastninga i området, og ikkje berre det enkelte inngrepet isolert. Dette inneberer å vurdere både inngrep som allereie er gjort, og også framtidige inngrep som er sannsynleg at vil komme.

Denne utbygginga vil gje lite ny energiproduksjon i eit samfunnsperspektiv, samtidig som at den meir eller mindre fjernar eit landskapselement langs Hardangerfjorden (fossen i Hedlarelvi).


### **Raudlisteartar og terrestrisk miljø**

Det kjem fram i søknaden og den biologiske utgreiinga at det no er registrert fleire verdifulle raudlisteartar og naturtypar enn då den opphavlege søknaden fekk avslag.

Av raudlista artar som er funne i influensområdet er både Flatsaltlav (VU) som var ein del av årsaka til at den opphavlege søknaden fekk avslag, men også andre artar som *Bacidina inundata* (NT), alm (NT), ask (NT), bergirisk (NT), fiskemåke (NT), strandsnipe (NT) og stær (NT). Det vart på synfaring også gjort observasjonar av den vassdragstilknyttarten fossefall, som vi har eit særskilt ansvar i Noreg med å ivareta. Konsulentrapporten frå Rådgivande Biologar vurderar konsekvensen av utbygginga til middels negativ for temaet raudlisteartar.

Vidare er det registrert ein raudlista naturtype, nemleg fosseberg (NT), i området ved Lomstjørni. Denne er vurdert med A-verdi (svært viktig), og vil få direkte negative konsekvensar av ei redusert vassføring. Det er også registrert ei bekkekløft og bergvegg med B-verdi (viktig) ved Hedlarelvi, i tillegg til tre fossesprøytsoner. Bekkekløfta og fossesprøytsona i Hedlarelvi vil få negativ verknad av ei utbygging, då dei tapar vatn som vert overført til Stølselvi.

Oppsummert synest vi dette er høge konsekvensar for naturmiljøet for ei utbygging som berre vil gje 5,08 GWh ny årsproduksjon av fornybar kraft.



forum for  
natur og  
friluftsliv

## Hydrologi

Historisk vassføring er berekna på NVEs avrenningskart frå VM 61.8 Kåldåen. Vi er kjend med at NVEs avrenningskart har ein usikkerheitsmargin på 20%. Vidare er det ein vesentleg forskjell på Kåldåen og elvane på Lussand som gjer dei hydrologiske målingane endå meir usikre (Vedlegg 6, s. 2):

*”Usikkerheten i anslaga vert vurdert som størst på dagar med regnver som kan slå ekstra skeivt ut ift faren for relativt lokale regnbyger som ikkje strekk seg heilt inn til Kåldåen. I tillegg kan det vera stor usikkerhet i samband med snøsmeltinga sidan Lussand ligg mot fjorden og kaldåni ligg lenger inn på fjellet kor det kan vera kaldare lenger utpå våren.”*

Dette tyder på at det er svært sannsynleg at elvane på Lussand i periodar har meir vatn enn det som er lagt til grunn i dei hydrologiske berekningane, slik at føreslått minstevassføring er lågare enn det ein burde kunne forventa.

## Konklusjon

Prosjektet er lokalisert i eit område med høge natur- og landskapsverdiar, og også verdi for friluftsliv. Vi meiner primært at prosjektet ikkje kan vise til fordelar som overstig ulempene for ”allmenne interesser” (jf. Vassdragsreguleringslova § 8), då kraftproduksjonen er liten sett i samanheng med konsekvensane som ei utbygging vil medføre. Dersom NVE likevel vel å gje konsesjon til prosjektet meiner vi det må stillast høgare krav til minstevassføring enn det som er foreslått i søknaden, då det er grunn til å tru at Hedlarelvi og Stølselvi i periodar inneheld meir vatn en Kåldåen som dannar grunnlaget for dei hydrologiske berekningane.

Med vennleg helsing

Johanna M. Aarflot  
Fylkeskoordinator  
FNF Hordaland

Synnøve Kvamme  
Leiar  
Naturvernforbundet Hordaland

Oddvar Skre  
Leiar naturmangfoldsgruppa  
Naturvernforbundet  
Hordaland

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland  
Hordaland fylkeskommune  
Granvin kommune



**Naturvernforbundet**  
i Hordaland

Bergen og Hordaland Turlag

